


■ ■ Løynd kulturperle fram i lyset i Luster



Filosofen Ludwig Wittgenstein var blant dei som påverka utviklinga på 1900-talet mest

DET FØRSTE, SYMBOLSKE bidraget, ein US-dollar, til attendeføring av huset til Wittgenstein til den opphavlege tomta. Funnen ferdig donert av ukjend entusiast 18. juni 2013. Tomta i seg sjølv, med berre grunnmuren, har i mange år vore ein turistattraksjon.

«**DISCOVER THE FASCINATING** lives of the figures who shaped the world we inhabit today, – delve into the rich history of the most influential characters from the twentieth and early twenty-first centuries –»

DETTE ER TITTELEN og presentasjonen på 2. utgåva (2015) av boka **GREAT LIVES** frå The Times, eit verk om livet til dei 124 personar (politikarar, vitskapsmenn/kvinner, musikarar, forfatarar, artistar, militære) som kvar på sin måte mest har påverka utviklinga i nyare tid.

KOR EKSklusivt Dette utvalet er, syner seg ved at ingen frå Nor-

den har nådd opp til å koma med i denne eksklusive samlinga. Det næraste ein kjem i så måte er at ein av desse 124 utvalde, Ludwig Wittgenstein, bygde eige hus og budde i periodar i Skjolden i Norge. Her fann han ro, etter først å ha søkt på vestkysten av Irland etter ein attendetrekt arbeidsplass, til å nedfelle sine banebrytande tankar, tankar som har påverka utviklinga i moderne tid.

ETTER Å HA søkt råd hos den austerriske konsulen i Norge, som igjen var ein kjenning av Hallvard Drægna i Skjolden, fann Wittgenstein fram til sin arbeidsplass på ei berghylle i Luster. Her fekk han i 1914 ferdigstilt eit hus på 59 m², 30 m over Eidsvatnet, inst i Lustrafjorden. Attendetrekt her med vidt utsyn fann han arbeidsro. Her utarbeidde han sitt fyrste store verk, *Tractatus Logico-Philosophicus*. Hans andre verk kosta han svært tungt arbeid, gjekk ut på, som han sjølv sa, «– to show how very wrong the *Tractatus* was».

DET VAR INGEN som forstod Wittgenstein sin dimensjon i hans samtid, naturleg nok, i Luster. Her var han ein framand og gjekk berre under namnet austerrikaren. Sjølv hadde han berre godt å seie om Skjolden og dei lokale som han hadde ein viss omgang med, mest med «dei kondisjonerte» (ja, det var faktisk eit mini klasse-samfunn i Skjolden den gong).

KUNNE EIN SÅ i ettertid ha venta at Luster kommune eller andre for lengst skulle ta ansvar for å

få huset til Wittgenstein «fram i lyset», verdfull kulturhistorie som dette utvilsamt er?

HER KAN DET vera rett å sitere frå nemnde *The Times*: «We are still too close to Wittgenstein to form a just estimate of his work». Og vidare fastslege: han starta ein ny verdsomspanande filosofisk trend «– following up the idea that thinking consists in using a language».

I DETTE LIGG DET MYKJE:

- «we are still to close –» (NB i 2015), syner at det ikkje er openbert at det lokalt i Luster for lengst skulle ha vore aksjonert for å få denne kulturhistoriske arven fram i lyset
- Same sitat gjer synleg at her ventar framleis arbeid/forsking. Delar av dette arbeid høyrer naturleg heime i Luster, aktivitetar som fører med seg seminarar, teamarbeid og studieopphald. Dette betyr inntekter for kommunen.
- Wittgenstein produserte nytenking og innan logikk og språkfilosofi, han studerte/utvikla aerodynamikk og engasjerte seg i utførte arbeider innan arkitektur. Attendeføring av huset er difor av interesse for mange fag og disiplinær og har soleis eit breitt potensial som turistmål.

MED ATTENDEFØRINGA AV huset og marknadsføring av dette nye, kulturelle turistmålet, eit verdig supplement til stavkyrkjene

i Indre Sogn, ligg mykje til rette for å vidareutvikle Skjolden som eit «filosofiens Mekka»:

- Wittgenstein sitt liv i Skjolden og filosofien hans blir presentert både fagleg profesjonelt og for «folk flest», både i ulike, eigna lokale og ved presentasjon «på møteplassar langs veg og sti»

- Filosofar, forfatarar og «sabbatistar» valfartar til Skjolden for rekreasjon, produksjon og for påfyll
- Den 2,5 km lange stien frå fjorden til huset kan utviklast som filosofisk pilegrimsvandring: «Tankegangen» med

tenkjestasjonar, tankekors, tankeprang (brua) og plassar med «tankeoverrissing»

- Hurrungane tett i ryggen, klatresporten si vogge i Norge, utfordrar til utvikling av den historiske link: filosofi/klatring/naturinnleving.
- Turistar får ikkje med seg Wittgenstein berre av di dei er på gjennomreise: Wittgenstein og nysgjerrigheita på filosofi blir målet for reisa.

Norge har ikkje tid til å venta lengre med å få på plass dette nye kulturhistoriske turistmålet.



Trygve Martinussen
Sivilingeniør og styremedlem i Stiftinga Wittgenstein i Skjolden
KRONIKK

Fakta:

- **Ludwig Wittgenstein (1889–1951).** Austerrisk filosof. Introduserte to gonger ny filosofisk metode. Søkta til Norge/Luster for å finna arbeidsro. Svært tungt tilgjengeleg filosofi der filologi står sentralt. Har fengsla intellektuelle over eit vidt fagspekter. Oppførte eige hus i Luster som han gav vekk. Huset vart flytta, står i dag som fritidsbustad. Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWiS) blei etablert i 2014 med mål attendeføring av huset til opphavleg tomt. Stiftinga søker no mentorar til prosjektet.